
Fra: Sylvi Mari Fløtre
Sendt: 15.02.2011
Til: Postmottak KRD
Kopi:
Emne: Høyring Forskrift om e-val

Høyring Forskrift om e-val

Høyryingsuttale gjeldande "Høyring vedkomande forsøk med elektronisk røystegjeving under førehandsrøystinga, elektronisk avkryssing i manntalet på valtinget og bruk av ny røysteseddel ved kommunestyre og fylkestingvalet 2011" frå Bremanger kommune, vedteke i formannskapet den 15.02.2011, er som følgjer:

Forsøket med elektronisk røystegjeving fører til at valet på nokre områder må gjennomførast på ein annan måte enn det som går fram av vallova og valforskifta.

Korleis dette skal skje må fastsetjast i forskrift som er heimla i vallova § 15-1. Forslag til forskrift har i stor grad fanga opp det som er nødvendig for å gjennomføre forsøket på ein forsvarleg måte.

Formannskapet i Bremanger kommune gjev tilslutning til foreslått forskrift med desse merknadane:

Kapittel 1 - § 5 :

Ein foreslår at ein gjev kapitlet tilslutning, med den merknad at § 5, prinsipp (3), bør takast ut.

Kapittel 2 - § 7:

Ein foreslår at kapitlet gjevast tilslutning med den merknad at orda "skal kunne" endrast til bør kunne i § 7.

Kapittel 6 - § 14§ og § 16:

§14 (1) ...til og med lørdag 10. september kl. 23.5

§16 (1) ordet enerom - strykast.

Kapittel 7 - § 18 :

2. setning strykast. Istaden skal det stå:

Velgeren legger deretter stemmeseddelen i urna.

§ 18 (3) strykes.

Subsidiært foreslåas nytt pkt. 5

Framandrøyster kan leggast i kretsen si urne ilag med dei andre røystene i desse høva:

- Ved sentral oppteiling, der alle røyster gjevne på valting, inkludert framandrøyster, skal teljast under eitt.
- I kretsar der tal røyster er under 100 og røystene frå kretsen vert telne i samlekrets eller i annan krets.

Grunngjeving:

Avgrense funksjonærfeil og forkasting grunna røystesetel ikkje har stempel.

Avgrense moglegheit for at røyster kjem på avvege grunna unødvendig mange urner.

Bevare anonymitet for den einskilde veljar.

Unngå bruk av konvolutt, dersom det er løysing for små kretsar (tidkrevande i alle ledd).

Med vennleg helsing

Sylvi Mari Fløtre
Møtesekretær Formannskapet i Bremanger